

Fjord kommune,
Pb 144,
6210 Valldal

09.03.2021

post@fjord.kommune.no

Innspel til offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan for Stordal brannstasjon

Syner til at Fjord kommune har vedtatt å leggja framlegg til detaljregulering for ny brannstasjon, alternativ D: «Vest for skulen» ut til offentlig ettersyn.

Arealet, som er ca 1,2 km frå Stordal sentrum, er delvis avsett til landbruksformål. Planområdet er på 7,5 da, det meste god, flat, dyrka landbruksjord. Det er vurdert 7 ulike lokalitetar, derav 4 lokalitetar med dyrka mark. Faktorar som t.d. trafikkforhold og påverknad på vassdrag har hatt større tyngde enn jordvern ved prioritering av lokalitet.

Vi har følgjande merknader:

1. Vi meiner at jordvern ikkje er tilstrekkeleg vektlagt ved prioritering av alternativ. Det burde kunne finnast lokalitet der ein unngår beste matjorda.
2. Vi kan ikkje sjå at det er vurdert eksisterande bebyggd/regulert areal som alternativ lokalitet.
3. I planbeskrivelsen blir det vist til at matjorda skal ivaretakast for framtida. Erfaring tilseier imidlertid at dette er vanskeleg. Det blir ikkje vist til konkrete lokalitetar som er egna. Det må liggja føre ein konkret og gjennomførbar plan for ivaretaking av matjorda.
4. I tilfelle utbygging må det sikrast god og tilfredsstillande handtering av jorda både i anleggsfasen, i samband med mellomlagring og ikkje minst for etterbruk av jorda. Det må sikrast at jord som blir flytta blir brukt til matproduksjon og at den ikkje blir blanda med anna jord eller andre massar som gjer at produksjonsevna blir dårlegare. Jorda skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål som t.d. grøntareal.
5. Føresett same utfall av prosessen som nevnt i pkt 4 må det sikrast og kontrollerast at entreprenørar og underentreprenørar følgjer plan og krav til jordhandtering. Det må klargjerast kva som blir følgjene dersom plan og krav til jordhandtering ikkje blir gjennomført. Også dette må forankrast i plan.
6. I saksutgreiinga blir det ikkje gjort greie for at Jordlova klart seier at all dyrka og dyrkbar jord er verna. Vi er forundra over at 4 av dei 7 lokalitetane som er vurdert er dyrka og dyrkbar mark. I så måte meiner vi at dyrka og dyrkbar jord ikkje bør leggjast fram som alternativ i slike prosessar i det heile.

7. I denne konkrete saka blir det trekt fram argument knytt til personleg situasjon for jordeigar, at arealet blir leigd ut og at eigedommen er liten, m.v. Her må det klart kommenterast at eigarforhold, personleg situasjon, jordleige og korleis jorda er ivaretatt dei seinare åra ikkje skal takast i betraktning ved arealdisponering.
8. Vi kan ikkje sjå at det her er gjort vurderingar knytt til arealdisponering som er i samsvar med brev til kommunane frå Landbruks- og matministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren av 8.1.2021 om *Jordvern og FN's bærekraftsmål*. Det blir i nevnte brev vist til at kommunane skal leggja bærekraftsmåla til grunn for si planlegging og at jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå måla, m.a. av omsyn til lokal beredskap, matsikkerhet og for å sikra jordbrukets produksjonsressursar over heile landet. Det blir også vist til at der sentumsutvikling er i konflikt med dyrka og dyrkbar jord skal det vera fokus på kompakt byutvikling og fortetting, samt at viktige jordbruksområder bør sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

Våre merknader er m.a. basert på følgjande:

9. Stortinget vedtok i 2015 *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.
10. I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

Konklusjon

Vår samla konklusjon er at omsynet til jordvern ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt i prosessen og at det bør finnast anna areal enn det alternativet som er vald. Dersom det foreslåtte området likevel blir prioritert må det først gjerast avtale om tilfredsstillande etterbruk av matjorda inkludert ein samla plan for jordhandteringa.

Vi håpar at våre innspel og kommentarar kan bidra til ein god prosess og gode vedtak i saka.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen